


# Hardangerbadet

eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter i Kvam

## Prosjektomtale

15. april 2015



# **Hardangerbadet (HB)**

**- eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter er under planlegging i Kvam.**

Hardangerbadet AS er eit privat selskap som har drive fram planar, forprosjekt, finansiering og samarbeid for å realisera prosjektet. Samarbeid med folket, næringslivet, Kvam herad, Hardangerrådet, Hordaland Fylkeskommune, Helse Bergen og NFR/EXTRA stiftelsen (3 mill) har vore viktig for at Kvam heradsstyre 19. mai 2014 vedtok å gå tungt inn i prosjektet, blant anna med intensjon om økonomisk støtte på samla ca 25 mill NOK (vedlegg).

HB skal lokaliserast på ei fantastisk tomt sentralt i Øystese ved sjøen og skal knytast saman med Hardangerfjord Hotell. HB får eit brutto areal på ca. 5.900 m<sup>2</sup>. Saman med utviding av hotellet er investeringane budsjettet til over 216 mill. HB vil skapa mellom 30 og 50 nye arbeidsplassar. HB AS planlegg byggjestart innan 1 år og opning av senteret innan 3 år.



1.	Symje/badeanlegg (HB KF og HBE AS)	2.050 kvm
	Teknisk rom	1.690 kvm
2.	Helsedel og treningscenter 2.etg (HBE AS)	1.040 kvm
3.	ANS Helsebanken (privat del)	500 kvm

I tillegg skal Hardangerfjord Hotell bygningsmessig integrerast med HB. Dei fire partane skal delvis dela areal, personale og andre kostnadar for å vera kostnadseffektive og oppnå maksimal synergieffekt.

HB skal bli eit unikt og fullintegrert helse-, aktivitets- og velværesenter. Det vert satsa spesielt på førebygging og behandling av muskel, ledd og skjelettsjukdomar, samt livsstilssjukdomar inkludert ernæring.

HB AS skal, saman med Kvam heradet, byggja opp tilbod, aktivitetar og arbeidsplassar som vil skape vekst og utvikling i Kvam og Hardanger som eit godt og attraktivt samfunn for gamle og nye innbyggjarar.

HB AS skal no samarbeida med Kvam herad om fagleg innretning, utforming, økonomiske forhold, organisering, medeigarskap og komplementære aktivitetar. Samarbeid med Hardangerrådet, dei andre kommunane i Hardanger og Hordaland Fylkeskommune skal fortsetja. Arbeidet med fullfinansiering med minst mogleg lån vert også prioritert.

*Å skapa ein attraktiv og helsefremjande møteplass er eit felles mål.*

## **Totalprosjektet:**

### **Hardangerbadet (HB), Hardangerfjord Hotell (HH) og ANS Helsebanken**

Samla utbygging i samband ved dette prosjektet er:

<b>Hovudprosjektet</b>	<b>Investering (mill NOK eks mva)</b>
1. Hardangerbadet (HB)	
a. Hardangerbadet KF	72
b. Hardangerbadet AS (HB AS)	64
c. ANS Helsebanken	13
2. Hardangerfjord Hotell	60
<b>Totalt</b>	<b>209</b>

### **Hardangerbadet (HB) skal innehalda tre integrerte hovudanlegg med ulike eigarar :**

- |                             |                     |
|-----------------------------|---------------------|
| 1. Symje-/badeanlegg        | Hardangerbadet KF * |
| 2. Legesenter               | ANS Helsebanken     |
| 3. Komplementær aktivitet** | Hardangerbadet AS   |

\*KF=Kommunalt føretak (Viser til vedtak i Kvam heradsstyre 24.aug. 2015)  
Arbeida for avtalar med nabokommunar.

\*\* Komplementær aktivitet er kommunehelse, fysioterapi, kiropraktikk, massasje, SPA, trenings-, ernæring, fotterapeut, trenings- og mestringssenter, mm)

Prosjektet skal no planleggast ferdig, kalkulerast des. 2015 og lysast ut på anbod feb. 2016.

## **Visjon for HB**

Betre fysisk form og helse for ein betre kvardag.

## **Hovudmål for HB**

1. Skapa eit høg-kvalitets og integrert symje-, helse- og aktivitetstilbod samt møteplass for folk i Kvam, Hardanger og Hordaland.
2. Skapa ein attraktiv konkurranse-, kurs- og konferansearena for symjing og helsefremjande arbeid for heile landet.
3. Skape eit 5. generasjons folkehelsebad - eit fyrtårnsprosjekt med overføringsverdi til andre regionar i inn- og utland.

**Nokre stikkord:** bad, helse, trening, velvære, symjing, vass-sport, helsefremjande, folkehelse, levevilkår, livsstil, førebyggjande, friskleggjera, klara seg sjølv, friskliv, læring og mestring, heilhetshelse, fysisk aktivitet, aktivitetsmedisin, fysisk og psykisk helse, muskel-skjelett og ledd-sjukdom, ernæring, tverrfagleg, komplementær, attraktiv, oppvarma sjøvatn, saltvatn basseng, terapibasseng, hotell, vekst og utvikling i Kvam og Hardanger

## **Målgrupper og infrastruktur**

HB er for alle i alle aldersgrupper: friske inkludert skule-elevar, funksjonshemma, muskel-, ledd- og skjelett-sjuke, revmatikarar, helse- og rehabiliteringspasientar, innvandrarar og tilreisande.

Badeanlegget er også for dei som treng det mest, til dømes dei som ikkje kan symja, og dei som treng stimuli for meir fysisk, mental og sosial aktivitet. Dei som ikkje kan gå i naturen, bruka idrettsbanar og hallar, skal vera svært velkommen i HB.

**Trenings- og konkurransebassenget** (25 x 12,5 m m/5 banar) er hovADBasseng med stor kapasitet. Bassenget er godt eigna for konkurrancesymjing og andre vass-sport som til dømes vasspolo og undervassrugby. Det er planlagt for stuping frå inntil 3 m høgd. Anlegget vil ha tribunar for publikum.

**Opplærings- og terapibassenget** (12,5 x 8,5 m, 34° C, tilrettelagt også for funksjonshemma) vil vera til stor verdi for revmatikarar, ryggpasientar og andre med muskel-, ledd- og skjelettsjukdomar. Folk under rehabilitering kjem lettare i fysisk aktivitet i varmt vatn. Andre målgrupper som synes å føretrekkja varmare vatn er gravide (førebyggja bekkenløysing), babyar (babysymjing), mange barn (symjeopplæring) og eldre.

**Leike- og familiebassenget** for alle og spesielt barn skal ha massasjedyer, symjestraum og rutsjebanar. Det er ein populær og god måte for å leika seg og for å auka den gode kjensla og tryggleiken i vatn. Rørsle og aktivitet i vatn er inspirerande, velgerande og leikprega.

**Sjøvatn** (50% salt samanlikna med sjø) i alle bassenga gjev betre komfort enn tilsett klor. Det er attraktivt og gunstig for personar med allergi, hud- eller lungesjukdom.

**Hersedelen, treningsenteret, og møteplassen** vil kunne brukast separat eller komplementært til badeanlegget. Sjå seinare.

**Tonus fysioterapi og trening AS** er eit populært treningscenter i Bergen med brei fagleg kompetanse.

Selskapet har spesialisert seg på:

- ✓ rygg - nakke – skulder

Selskapet er:

- ✓ treninsrettleiar for bedrifter for reduksjon av sjukefråvær
- ✓ ein del av Olympiatoppen Vest-Norge sitt idrettsmedisinske senter

Selskapet har avtale med dei fleste forsikringsselskap i Norge, 60% av kundemassen er private kundar.

**Helsebanken Fysioterapi** vil gå inn i eit samarbeid med Tonus for å utvikla helsetilbod i 2. etg. i bygget.

**Helsebanken Legesenter** vert ei viktig brikke i HB. Legesentert vil spesialisera seg på fagområde som er planlagt utvikla i HB.

**Hardangerfjord Hotell** blir nyttig for tilreisande brukarar samt eigna for kurs, konferansar og symjekonkurransar. Hotellet satsar blant anna på kurs i helsefremjande ernæring/matlagning.

## Bakgrunn

Nordmenn har bra helse og gode leveutsikter, men velstandsutviklinga krev auka fokus på førebygging av sjukdom. Nye folke- og livsstilssjukdomar som overvekt, diabetes type 2, muskel- og skjelettlidningar og lettare psykiske sjukdomar, er i stor grad knytt til for liten fysisk aktivitet, feil ernæring og sosial isolasjon.

**Arbeidslivet** vårt er blitt mekanisert og bil, PC og TV inaktiverer oss. Dette aukar behovet for meir fysisk aktivitet i fritida. Leik, trivsel, kvalitet, og sosialt fellesskap, er nøkkelord for gode tilbod innan mosjon og trening. Dei som er i dårlig fysisk form, treng slike tilbod mest.

**Handlingsplanen for fysisk aktivitet 2005 – 2009** peikar på nødvendige tiltak for å oppnå auka fysiske aktivitet i folket:

- Tilrettelegging av fysiske omgjevnadar med vekt på tilgjengeleghet for alle
- Bidra til at det finst lokale lågterskeltilbod og gode tilhøve for fysisk aktivitet på fritida og på viktige arenaer som barnehage, skule og arbeidsplassar
- Motivera til ein aktiv livsstil

**Symjekompetansen** i Norge og Hardanger er fallande og for mange druknar. Skulebasseng har vore ein populær innretning i fleire 10-år, men vedlikehald og drift er dyrt, og mange bad blir lagt ned. Skulebassenga i Norheimsund og Øystese er av eldre dato og lagnaden deira usikker. Sjå meir seinare.

**Sjukdomar relatert til musklar, ledd, skjelett og livsstil** er ei stor og aukande utfordring. Over halvparten av alt sjukefråvær er relatert til muskel- og skjelettplager. Om lag 800 000

har ryggplager («mørketall»), og 300 000 muskel- og skjelettplager. Det offentlege helsevesenet synes ikkje å prioritera desse sjukdomane på same måte som kreft, hjartesjukdom og sjukdom hos barn. Å førebyggja og betra behandlingstilbodet for slike sjukdomar vil ha stor effekt på helse, funksjon, mestring og livskvalitet/livsglede, og vil auka folks deltaking i samfunn og arbeidsliv.

**Glede, fellesskap og synleg resultat** motiverer mange til nødvendig aktivitet, gjerne under god og inspirerande fagleg rettleiing. Kvam og Hardanger har behov for fleire gode møtestader, inkludert betre tilbod til mange innvandrarar. Både innvandrarar, kvemmingar og hardingar har behov for helsefremjande arenaar der dei kan møtast og verta kjende med kvarandre. HB ynskjer å vera ein attraktiv arena med gode tilbod for alle, men særleg for dei som treng ein oppmuntring i ein elles utfordrande kvardag.

**Fuktig og kaldt vestlandsklima** gjer innandørs tilbod meir attraktivt. Geografisk nærleik aukar interessa og bruken av slike anlegg.

**Folk og næringsliv i Kvam** i Hardanger har i 10 år arbeidd fort å etablera eit bade-, trenings- og velværesenter for å betra helse- og livskvalitet hos folk i kommunen og dei som kjem på vitjing. Lange og gode tradisjonar innafor utdanning, kultur, idrett, lag og organisasjonar medverkar til dette. I 2012 vart Helsebanken (lege- og fysioterapi) integrert i prosjektet for å styrkja helsedelen i HB. Alle 7 kommunane i Hardangerrådet ynskjer HB velkommen som ein felles bade-, helse-, trenings- og velværearena, og som eit senter med høg kompetanse på ernæring, fysisk aktivitet, muskel og skjelettlidningar.

## **HB – eit prosjekt til nytte for individ og samfunn**

**HB** blir eit unikt helsefremjande senter der eit mangfold av fagfolk innan helse, ernæring og fysisk aktivitet skal samhandla til det beste for brukarar og samfunn. Dei tilsette ved HB vil kontinuerleg auka kunnskap og kompetanse på relevante fagområde, til dømes symjing, trening, ernæring, muskel- og skjelettsjukdomar, aktivitetsmedisin og rehabilitering. HB ynskjer å gje inspirasjon og resultat gjennom varierte tilbod og opplevelingar.

I HB kan brukarane velja individuelle tilbod eller gruppetilbod. Dette gjeld både innanfor badeanlegget og helse- og treningssenteret. Skuleelevar og andre skal få tilbod om profesjonell symjeopplæring.

HB gir stor moglegheit å integrera fagfolk, auka og spissa kompetansen deira, og byggja eit godt samarbeid med frivillige organisasjonar, private og offentleg verksemder. Dette vil bidra til å optimalisera folkehelsearbeidet i heradet og i Hardanger. Samarbeid med relevante miljø i Helse Bergen/Haukeland Universitetssjukehus er innleia og vil sikra kompetansebygging og fagleg topp tilbod. Universitetet i Bergen skal medverka til FoU og dokumentasjon av meirveriden i eit slikt prosjektet.

## **Symjing og bading**

Kvam kommune strekkjer seg 9 mil langs Hardangerfjorden, har ei lang kystlinje og innbyggjarar som brukar sjøen, vatna og elvane mykje. Symjekompetanse er derfor viktig.

Det er ikkje statistikk på symjekompetansen i kommunen/regionen, men den er neppe betre enn i resten av landet. Symjekompetanse hos halvparten av 10-åringane er langt under det offisielle målet, og må betrast.

Tilgang på symje-/badeanlegg i regionen er ikkje god. Dei kommunale skulebassenga i sentrale område av kommunen er av eldre dato, er dyre i drift og opne berre deler av året (oktober-mars) og stort sett i skuletida. Kvam kommune ynskjer eit slikt heilårsanlegg for skuleelvane. Eit moderne symje-/badeanlegg vert no bygd i Bergen 90 km og 90 minuttar frå Øystese, det vil i mindre grad vera tilgjengeleg og brukt av folk flest i Hardanger og Sunnhordland.

Bade/symjeanlegget i HB inkluderer profesjonelt konkurranseanlegg, varmt opplærings- og terapibasseng og leike-familiebasseng. Opningstida vert frå morgen til kveld heile året med godkjende badevaktar. Målgruppa er alle, og spesielt dei som ikkje kan symja.

Leik og glede skal stimulera til symjekompetanse og til ei sunn sjel i ein friskare kropp. HB ønskjer å gje tilbod til både barnehagar, grunnskular og vidaregåandeskular i Kvam og nabokommunar når det gjeld tilvending i vatn /vasskjensle og symjeopplæring. Tilleggs-tilvenning i kaldt vatn er viktig, og «Fjorden» tett ved byr på ei slik moglegheit.


Det drukningsførebyggjande arbeidet skal skje i samspel med skulen si opplæring, fritidstilbod frå frivillige organisasjonar og foreldra si oppfølging av eigne barn. Dei frivillige organisasjonane legg til rette opplæringstilbod på fritida som støttar opp om skulen si målsetting. Foreldra har og skal stimulerast til å ta eit særskilt ansvar for å følgja opp eigne barn og veta kva ferdigheiter dei har.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06) omhandlar læreplanen for kroppsøving der symjing og livredning er eit obligatorisk emne.

Figuren nedanfor viser korleis læreplanen i kroppsøving legg opp undervisninga i symjing. HB vil søkja å etablira eit godt fagleg samarbeid med aktuelle skular i Kvam og aktuelle lag og organisasjonar som har symjing/vatn aktivitetar som tilbod.

## 10. ÅRSTRINN

Symje på mage og på rygg, og kunna dykka. Forklare og utføre livberging i vatn og livbergande førstehjelp



Figur 1 viser eksempel på ein samla opplæring i symjing og livredning og korleis nærmiljøet kan involverast i opplæringa

Det nødvendige grunnlaget for symjing og livredning vert lagt i løpet av dei fire første årstrinna. All opplæring på seinare årstrinn tek utgangspunkt i at eleven er symjedyktig.

Symjeopplæring er primært knytt til å førebyggja drukning. Men samstundes er det viktig å sjå på andre grunnar til at barn og unge må læra å symja. Friluftslivet inneholder ofte bading, symjeturar, spel med ball i vatn, dykking, snorkling, bruk av båt, kano og kajakk med vidare. Dei som deltek i slike aktivitetar, må vera bevisst på farane ved bading i sjø og vatn og bruk av fjøra og strandsonen. Utflukter ved og rundt vatn og elvar utan bading kan også vera risikofylt. Alt dette viser kor viktig det er å ha vasskjensle og vera symjedyktig. Samstundes gjer gode symje- og livredningsferdigheiter den enkelte moglegheit til å halde på med dette som ein sosial aktivitet eller som ein idrett på fritida. Dessutan vil regelmessig symjing førebyggja lidingar i musklar og ledd, spesielt nakke- og ryggsjukdom. Ein avgjørende faktor for å førebyggja drukning blir å vidareføra symjeopplæringa slik at eleven beherskar dei utfordringane og den variasjonen dei møter i ulike fysiske miljø.

HB ønskjer å etablere ein arena kor lokale idrettslag kan byggja opp symjegrupper både for bredde og konkurranseaktivitet. På sikt kan det også vera aktuelt å skipa til både lokale og regionale symjekonkurransar. I tillegg til symjing vil HB tilby gode anlegg for stup, vatn polo, undervassrugby, synkronsymjing med meir.

## Sjøsportssport

Hordaland Fylkeskommune har foreslått dette som komplementær aktivitet. HBs nærleik til sjø og Hardangerfjorden som glimrande arena for kajakk og kano, gjer dette interessant som ein komplementær aktivitet. HB har dialog med Hardanger kajakk-klubb om dette.

Spelemidlane gjer ekstra støtte til bygg for utstyr til vass-sport, slik som kajakk og kano, og HB har ledig plass i underetasjen.

## Idrettslag

Fleire idrettslag i Kvam er interessert i aktiv deltaking i HB. Idrettsmiljøet er godt og mange eliteutøvarar har stimulert til rekruttering av ungdom til god idrett. Til dømes vann ein skiskytta frå Ålvik VM gull for junior (stafett) i 2013. Aktive trenings- og idrettsutøvarar vil nyta godt av HB sin tilbod om kosthaldsrettleiring, optimalisering av trening, symjing/bading, og profesjonell bruk av avansert testapparatur eventuelt eit testlaboratorium..

I mange år har det vore ynskje om å skipa ein symjeklubb i Kvam. Mangel på adekvate symjeanlegg har hindra dette. Byggjestart på eit nytt symjeanlegg, vil bety starten på ein slik klubb, kanskje også andre vass-sportsklubar (sjå seinare).

**Øystese Idrettslag (ØIL)** har vore samarbeidspart med HB i mange år. ØIL vart skipa for over 100 år sidan. ØIL er interessert i å ta del i både eigarskap og drift av HB.

**Dei offentlege vidaregåande skulen (VGS) i Kvam** er kjende for eit godt kultur- og idrettsmiljø. Gutelaget til Rossvoll volleyball vart i 2012 Norgesmeister for VGS og i 2013 Norgesmeister for junior (U19).

## Fokus på folkehelse

Førebyggjande og helsefremjande arbeid skal vera ein raud tråd i HB, spesielt innan bading, ernæring, muskel, ledd & skjelett og aktivitetsmedisin. HB vil kunne gi eit sterk bidra til førebyggande og helsefremjande arbeid i Kvam og Hardanger.

**Folkehelsearbeid** handlar om å skapa gode oppvekstvilkår for barn og unge, førebyggja sjukdom og skadar, og utvikla eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, verner mot helsetruslar og fremjar fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking (Folkehelselova §3).

**Folkehelsemeldinga, God Helse – felles ansvar** (St.meld 34, 2012-2013) understrekar at kommunane bør/skal styrkja arbeidet sitt omkring endring av levevaner (kap. 5), spesielt når det gjeld tobakk, alkohol, ernæring og fysisk aktivitet. Den enkelt har ansvar for eiga helse og vil stå ansvarlege for sine val, men samfunnet bør og kan leggje til rette for at kvar og ein kan ta helsegunstige val. Politikarar og styresmakter freistar å vekkja oss alle til å ta større ansvar for eiga helse og velferd.

**Samhandlingsreformas hovudmål** er gode helsetenester nærmast mogleg, auka helsefremjande og førebyggande innsats i kommunane, samt tverrsektorelt folkehelsearbeid (St. meld nr 47 2008-2009).

**Helsedirektoratet** har nyleg proklamert ein stor gevinst på auka fysisk aktivitet i Norge: Dersom fire av fem nordmenn aukar den fysiske aktiviteten frå inaktiv til litt aktiv eller frå litt aktiv til noko meir aktiv, vil den årlege velferdsgevisten bli på 239 milliardar kroner.

### **Friskliv og mestring**

Utvikling i helsetilstanden heng saman med ei rekke utfordringar knytt til tobakk, kosthald, fysisk aktivitet, kroppsvekt, og psykisk helse.

**Nasjonal helse- og omsorgsplan** (2011-2015) vektlegg styrking av den helsefremjande og førebyggjande innsatsen for å hindra at sjukdom oppstår og utviklar seg (St.meld. nr. 47 - 2008-2009). **Helse- og omsorgstenestelova** vektlegg kommunens plikt til å yta tenester som fremjar helse og søker å førebyggja sjukdom, skade og sosiale problem. Men å endra levevaner kan være ein krevjande prosess.

**Frisklivssentralar** vert no etablert på kommunalt nivå for å hjelpe folk til positiv livsstilendring gjennom metodar med dokumentert effekt. Det å delta i grupper i regi av ein frisklivssentral kan i tillegg medverka til auka motivasjon og til nettverksbygging.

Frisklivssentralen kan være eit eigna tilbod til dømes til personar som står i fare for å falla ut av arbeidslivet på grunn av muskel- og skjelettsjukdom eller psykiske plager, personar som har auka risiko for å utvikle type 2-diabetes, eller personar som har utfordringar knytt til overvekt.

Frisklivssentralen kan nyttast som ein tidleg innsats for å førebyggja sjukdom og kan være eit tilbod til personar i eit behandlings- eller rehabiliterings forløp.

**Lærings- og mestringssentre** arbeider for at pasientar, brukarar og pårørande skal få informasjon, kunnskap og hjelpe til å handtera langvarig sjukdom og endra helse. Tiltak utviklast i samarbeid mellom fagpersonar og brukarar. Kommunane støttar spesifikke 12 vekars kurs, til dømes «bra mat for betre helse», «ryggskule», type 2 diabetes, livsstil for

overvektige, osteoporose, astmatikarar, rus og psykiatri, røykeslutt. Det skal tilretteleggjast for at desse fortset å bruka frivillige tilbod i HB.

Kommunale frisklivssentralar og lærings- og mestringssentre heng nært saman med omsyn til innhald og målgrupper. Det er ingen fasit på korleis tenestene skal organiserast i dei ulike kommunane og i samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta og andre sektorar. Geografiske omsyn, helse-utfordringar og eksisterande tilbod vil påverka val av modell. Samarbeid vil gje meir heilskaplige tenester.

HB ynskjer å bidra til at Kvam herad og heile Hardangerregionen i samarbeid med Helse Bergen kan utvikla gode modellar og eit godt samarbeid mellom ulike tenestenivå og frivillige organisasjonar, inkludert friskliv- og lærings- og mestringstilbod.

**Muskel-, ledd- og skjelettsjukdomar** vert eit naturleg førebyggjande og terapeutisk satsingsfelt i HB. Legane som skal inn i HB ynskjer å spissa kompetansen på desse felta, slik at HB kan utvikla seg til eit høgkompetent tilbod innanfor desse fagområda. Rørsle og styrketrening i varmtvatn basseng og treningscenter gjev gode resultat, spesielt mindre smerter og medikamentbruk og auka deltaking i arbeidsliv og samfunn. Det er ein positiv dialog med relevante fagmiljø i Helse Bergen om samarbeid, kompetansebygging og FoU.. Norsk Revmatikar forbund (NRF) er ein god samarbeidspartner for HB. EXTRA stiftelsen har løyvd NOK 3 mill. NOK til HB/terapibassensenget. HB ynskjer ytterlegare 6 mill. NOK då dette blir blant dei viktigaste satsingsfelta i HB.

**Balanse- og styrketrening** passar god inn i dette satsingsområdet. Musklar kan styrkast uansett alder. Betre styrke stabiliserer ledd og minkar smerter. Sterkare muskulatur gir også betre balanse som igjen vil betra gangfunksjon og sosial tilgang for mange eldre, slik at dei lenger kan klara seg sjølv. Det vil også hindra fall og beinbrot. Samla vil dette redusera individuelle lidingar og offentlege helseutgifter.

**Rehabilitering/dagtrening** passar også godt for profilen i HB. Varmtvatn terapibasseng og mangfold av fagkompetanse i eit positivt miljø vil gje attraktive og optimale tilbod. Ambisjonen er at dette vert så nyttig at folk fra andre delar av landet vil bruka HB kombinert med overnatting på hotellet.

**Funksjonshemma:** Personar med nedsett funksjonsevne vil i HB få høve til helsetenester, bading, trening, personleg utvikling og livsutfolding individuelt eller saman med andre. Treapibassensenget vil vera ein attraktiv treningsarena for desse.

**Psykisk helse:** I utgangspunktet er ikkje personar med psykiske utfordringar ei primær målgruppe for HB. Forsking viser at fysisk aktivitet, god ernæring og sosialt miljø har gunstig effekt på psykiske lidingar. På den måten vil HB ha ei helsefremjande rolle også for denne gruppa. HB støttar fagmiljøa som ynskjer å knyta til seg ein psykolog eller psykiater. Dette vert også vektlagt av samarbeidpartar i Helse Bergen.

**Fagleg koordinator:** Med så mange ulike funksjonar, fagpersonar, organisasjonar og brukarar vurderer HB å engasjera ein fagleg leiar for å for å koordinera og optimalisera tiltak for betre helse. Ein slik person kan også leia ein Frisklivssentral og eit Lærings og mestringssenter.

## Kunnskap- og kompetansebygging

**Folkehelsemeldinga, God Helse – felles ansvar** omtalar i punkt 5.5.2 at spesialisthelsetenesta har et spesielt ansvar overfor kommunane når det gjeld rettleiing, kunnskaps- og kompetanseutvikling innanfor førebyggande arbeid.

HB ynskjer eit nært og godt samarbeid med **høgkompetente fagmiljø** innan helse, spesielt innan ernæring, fysisk aktivitet, muskel- og skjelettsjukdomar og folkehelsearbeid.

Helse Bergen/Haukeland Universitetssjukehus er ein naturleg samarbeidspartner, og det er innleia ein dialog med fleire aktuelle fagmiljø. Også relevante fagmiljø ved Universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen og Idrettshøgskulen i Oslo er ynskte samarbeidspartar, spesielt med tanke på masteroppgåver og doktorgrader. Forskningsrådets nye Offentlig sektor–ph.d. kan passa godt her. Det er ein klar ambisjon om å utvikla nye helsetilbod og dokumentera nytteverdien av desse.

**FoU:** HB blir eit unikt prosjekt i Norge. HB ynskjer å bli ein modell med overføringsverdi til andre. Derfor er det viktig å dokumentera og evaluera nytteverdien av tilboda i HB. Det skal gjerast saman med Helse Bergen og Universitetet i Bergen (sjå ovanfor). Resultata skal formidlast i møter og på kurs og konferansar, i fagtidsskrift, i rapportar og i media. Sjå etikk under.

**NAV:** Det er innleia dialog med NAV i Kvam og på Fylkesnivå med tanke på aktiv rehabilitering av sjukmelde og uføre.

**HB og hotelle** ynskjer å stimulera til lokale, regionale og nasjonale konkurransar, kurs og konferansar for brukarar og organisasjonar. Vi vil leggja til rette for samlingar for helse- og treningsarbeidarar, idrettslag, mv, gjerne med fokus på teamarbeid og samhandling.

## Eitiske forhold

Personar i terapibassenget og deler av treningssenteret skal få tilbod om fysisk skjerming til visse tider. Men HB ynskjer at flest mogleg skal integrerast og «friskleggjerast» i det store fellesskapet. Erfaring frå Sørlandsbadet viser at etter initial skjerming, ynskjer brukarane å ha det kjekt saman med andre.

Forsking og dokumentasjon på nytteverdien av HB og formidling av dette skal gjennomførast etter retningslinjer gitt av styringsmaktene, til dømes Regional etisk komité Vest.

Oppvarmingsenergi vert henta frå sjøen slik at HB vert ei miljøvenleg/grøn verksemد med energiforbruk langt under badeanlegg som vert varma opp med landstraum.

## HB - Utforming og tilgang

HB skal tilby helsetenester, bad, trening og møteplass i ein integrert og attraktiv modell.

HB og badeanlegget skal ha universell utforming og skal tilfredsstilla krav i *«Bestemmelse for tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet»* V-0732-2012. Terapibassenget skal ha 34°C

og utformast slik at flest mogleg kan klara seg sjølv. I tillegg blir det tilbod om personell og hjelpemidlar for dei som har behov for det.

HB ligg like ved Fv7 sentralt i Øystese midt i Hordaland. HB har god parkeringsplass og busstopp 30 m fra hovudinngang. Helsesenter, basseng og kafeteria ligg på grunnplan. HB vil alltid ha «stabilt vær» med «treningsvenleg klima».

**Øystese** er ei vakker bygd midt i Kvam kommune, Hardanger og Hordaland om lag 9 mil frå Bergen. Innbyggjartal ca. 2.500, ca. 8.600 i Kvam.

Hardangerfjorden og fjella omkring er populære reise- og rekreasjonsmål.

Innafor 200 m frå HB finst apotek, handelssenter, kyrkje, Ingebrigts Vik museum (skulpturar), 1.000-årsstaden Kabuso (kunst- & kulturhus), idrett- og bowlingssenter, bilverkstad, båthamn, båtturisme, fiske, mm. I bygda er det også golfbane, ridesenter, langrenn- og skiskyttararena og mange merka turløyper i skog og fjell.

**Norheimsund** er regionsenter, inkludert kommune-, kommunikasjons- og handelssenteret i Kvam og ligg 6 km frå HB. Norheimsund fekk i 2013 Statens pris for attraktiv tettstad.

## Verdi for Hardanger

HB vil resultera i vekst og utvikling i Kvam og Hardanger, både i anleggsfasen (investering 209 mill. kr), og spesielt seinare. Til dømes vil det verta 30-50 nye arbeidsplasser direkte i HB og hotellet, men eit slikt attraktivt anlegg vil også rekruttera nye innbyggjarar og nye verksemder til Kvam og redusera utflytting. HB vil også stimulera til auka reiseliv til Kvam eller få fleire gjennomreisande til å stoppa og nytta HB og resten av regionen. Det er kalkulert med 85.000 besökjande i eit normalår.

Hardangerbadet AS har skissert primære og sekundære positive effektar på folk og samfunn:

### Primære effektar:

- Folkehelse
- Trivsel
- Attraktivitet
  - rekruttering
  - tilreisande
- Arbeidsplassar

### Sekundære effektar:

- Folkevekst
- Handel og næringsliv
- Hytter og reiseliv
- Nye produkt (heilårstilbod)
- Heradets økonomi

Basert på erfaringane frå Sørlandsbadet i Lyngdal er vi nokså sikre på at hotellnæringa i Norheimsund og Øystese, og handelsnæringa i Norheimsund vil vera sikre vinnarar frå HB vert opna. I eit lengre perspektiv vil bustad- og hyttebygging stimulerast, og heradet vil spa

store summar på betre helse. Kvam herad kan spara store kostnader ved å unngå rehabilitering av skulebassenga i sentrale Kvam.

Det er vil vera stort potensiale for å utvikla nye helse-, fritids- og kulturprodukt i samarbeid med eksisterande verksemder. Mogelege synergieffektar er store.

## Kvifor kan HB lukkast?

Den omfattande kompetansen og den sterke viljen frå fagmiljøa og organisasjonane som skal samhandla i HB, er det beste argumentet for at dette unike tiltaket skal bli eit attraktivt og nyttig tilbod for brukarane. Heile lokalsamfunnet inkludert kommunar, næringsliv, organisasjonar og lag er engasjerte og ynskjer HB – og har alt betalt store summar til HB. Lag og organisasjonar støttar også godt opp om prosjektet. Folket og lokalt næringsliv har skaffa eller garantert for over 15 mill NOK.

I tillegg vil ein få på plass 12 mill NOK i aksjekapital til Hardanger Eigedom AS som skal eiga leike og familiebasseng og areal til helse og treningsaktivitet.

Sørlandsbadet (kombinert bad og trening) ligg i Lyngdal ca. 2,5 timars køyring frå Stavanger og Kristiansand, byar med ivrige brukarar av badet. Tilsvarande har folk i Bergen lang tradisjon for å bruka Hardanger som reisemål og rekreasjon. Kvam har 4.000 hytter og mange fleire fritidsfolk. HB vil som Sørlandsbadet få mange brukarar utan fast bustadadresse i kommunen.


HB er planlagt etter same modell som Sørlandsbadet, men med integrert helsesenter og hotell. Sørlandsbadet har lukkast både funksjonelt og økonomisk med over 200 000 badande i året. Oppvarming via sjø og varme-pumper reduserer energikostnadene. Basseng med sjøsalt utan tilsett klor er populært. Samarbeidet med Sørlandsbadet er svært godt, og prosjektleiaren der er med i styret for HB.

Styret i Hardangerbadet AS er tverrfagleg samansett av profesjonell styreleiar frå Jondal, tidligare ordførar i Kvam (dagleg leiar for HB), Regiondirektør i OBOS, nestleiar for Øystese næringslag, eigar av treningscenter, hotelleigar, og professor/overlege i indremedisin (Universitetet i Bergen/Haukeland Universitetssjukehus). Lag og organisasjonar er med i arbeidsgrupper. Ei prosjekteringsgruppe saman med hovudarkitekten Link Arkitektur utarbeider forprosjekt.

Kvam herad vil ytterlegare styrka kompetansen i og funksjonen av HB.

# HB organisering, økonomi, funksjonar, kompetanse, samarbeidspartnarar og utforming

## Organisering av Hardangerbadet



Hardangerbadet AS (HB AS) er eit privat selskap eigd av næringsliv og folk i Kvam. Selskapet har ansvar å gjennomføra forprosjektet, få på plass avtaleverk, finansiering og planar og tilbodsgrunnlag for totalentreprise.

Hardangerbadet KF (HB KF) vert eigd av Kvam herad og eventuelle nabokommunar som skal eiga og drifta idrettsbasseng, opplæringsbasseng, garderobe og sosialrom. HB KF skal nytta bassenga til skulesymjing, trening og konkurranse. HB KF vil ut over det leiga ut bassenga til HB AS.

Hardangerbadet Eigedom AS (HBE AS) skal eiga leik- og familiebassenget. I 2. etg. skal helse- og treningsaktørar leiga areal.

Legesenteret skal eigast og drivast av Helsebanken ANS.

Hardangerfjord Hotell skal utvida og oppgradera sin eigedom i eit integrert prosjekt kalkulert til ca. NOK 60 mill.

### Organisering:

Kvam herad har i heradsstyremøte 24. aug. 2015 vedteke at det skal organiserast og etablerast eit Hardangerbadet KF (HB KF)

### Prosjektering:

HB har engasjert Sivilingeniør Øystein Tufteland og Link arkitektar for å utarbeida teikningar, prosjektgrunnlag og kalkylar. Tilbodsgrunnlag for totalentreprise skal vera ferdig des. 2015.

## Budsjett og finansiering av heile prosjektet.

### Investering: Hardangerbadet og Hardangerfjord Hotell, totalt

Funksjon	Eigar	Areal kvm	Investering
<b>Hardangerbadet</b>			
Badeanlegg	HB KF	2.498	72
Familiebasseng	HBE AS	1.249	64
Helse-trening	HBE AS	1033	
Legesenter	Hesebanken ANS	500	13
<b>Hardangerfjord Hotell</b>			<b>60</b>
<b>Totalt NOK eks mva</b>		<b>5.280</b>	<b>209</b>

**Kostnadsoverslag fra LINK Arkitektur\***

**HARDANGERBADET**

**Kostnadsoverslag**

10. februar 2015

	Badeanlegg	Treningssenter	Legesenter	Fysioterapi	Div. areal	sum
m2	3 747	400	500	200	433	5 280
Arkitektfag	39 525 689	3 176 661	4 152 824	1 543 624	3 386 311	51 785 109
Byggteknisk	18 226 813	2 003 955	2 504 944	1 001 978	2 198 079	25 935 768
VVS	15 704 403	1 442 464	1 902 778	761 111	1 669 681	21 480 436
Elektro	10 913 678	1 298 220	1 622 775	649 110	1 423 979	15 907 763
Rigg og drift, 8 %	6 749 647	633 704	814 666	316 466	694 244	9 208 726
Prosjektering, 5 %	4 556 011	427 750	549 899	213 614	468 615	6 215 890
Uforutsett, diverse 10 %	9 567 624	898 275	1 154 789	448 590	984 091	13 053 369
Tillegg for å kompensere reduksjon av "rimelige arealer" 470m <sup>2</sup> *7000	3 290 000					
<b>SUM eks. mva.</b>	<b>108 533 864</b>	<b>9 881 030</b>	<b>12 702 674</b>	<b>4 934 494</b>	<b>10 825 000</b>	<b>146 877 062</b>
+ 25 % mva.	27 133 466	2 470 257	3 175 669	1 233 623	2 706 250	36 719 266
<b>SUM inkl. mva.</b>	<b>135 667 330</b>	<b>12 351 287</b>	<b>15 878 343</b>	<b>6 168 117</b>	<b>13 531 250</b>	<b>183 596 328</b>
Kostnad pr. m2 eks. mva.	28 966	24 703	25 405	24 672	25 000	27 818
Kostnad pr. m2 inkl. mva	36 207	30 878	31 757	30 841	31 250	34 772

## Kalkyle for byggjekostnad av badedelen i Hardangerbadet for HB KF og HBE AS

	2/3 av bad HB KF	1/3 av bad HB AS	Samla
m2	2 498	1 249	3 747
Arkitektfag	26 350 459	13 175 230	39 525 689
Byggteknisk	12 151 208	6 075 604	18 226 813
VVS	10 469 602	5 234 801	15 704 403
Elektro	7 275 785	3 637 893	10 913 678
Rigg og drift, 8 %	4 499 764	2 249 882	6 749 647
Prosjektering, 5 %	3 037 341	1 518 670	4 556 011
Uforutsett, diverse 10 %	6 378 416	3 189 208	9 567 624
Tillegg for å kompensere reduksjon av "rimelige arealer" 470m <sup>2</sup> *7000	2 193 333	1 096 667	3 290 000
<b>SUM eks. mva.</b>	<b>72 355 910</b>	<b>36 177 955</b>	<b>108 533 864</b>
+ 25 % mva.	18 088 977	9 044 489	27 133 466
<b>SUM inkl. mva.</b>	<b>90 444 887</b>	<b>45 222 443</b>	<b>135 667 330</b>

## Finansiering av Hardangerbadet KF

Finansieringskjelde - mi 11 . kr.	Tilsagn	Moglege
Kvam herad - eigenkapital	20,0	
Kvam herad, tomt	3,0	
EXTRA Stiftelsen	3,0	
Sp elemidlar	17,0	
Sp elemidlar - samarbeid med andre kommunar (30 % auke)		5,0
Samarbeid med andre kommunar		6,0
Hordaland Fylkeskommune		5,0
HFK – kompensasjonsmidlar	4,0	6,0
Trond M ohn (overført HBE AS)		
Sp arebankstiftinga Hardanger	0,5	4,5
Andre stiftingar (Gjensidige m.fl.)		
Andre sponsorar (overført HBE AS)		
M omskompensasjon (må avklarast)	12,6	
M va frådrag (må avklarast)	6,4	
<b>Sum</b>	<b>66,5</b>	<b>26,5</b>
Finansieringsbehov	90,0	
<b>Manglande finansiering - utfordring for HB KF og HB AS</b>	<b>23,5</b>	

Med desse føresetnadane står det att eit finansieringsbehov av den kommunale delen av badeanlegget på 23,5 mill. Fullfinansiering må hentast frå dei «moglege» finansieringskjeldene. Kvam herad og HB AS må henta inn 23,5 mill i støtte frå det offentlege og stiftingar. Dermed kan støtte frå private nyttast som eigenkapital i HBE AS.

## Driftsbudsjettet til Hardangerbadet KF

HB - drift etter vedtak i Kvam heradsstyre

<b>Utgifter HB KF</b>	<b>Kr</b>
Energi	500 000
Personalkostnad	1 064 000
Forsikring	100 000
Kjøp av reinhaldstenester	200 000
Finans - forskot spelemedilar	
Regnskap - drift av selskap	500 000
Kommunale avgifter	75 000
Vedlikehald/vedlikehaldsfond	400 000
<b>Totale kostnader</b>	<b>2 839 000</b>
<b>Inntekter HB KF</b>	<b>Kr</b>
Husleigeinntekter	1 280 000
Utleige vaktmester/teknisk leiar	750 000
<b>Totale inntekter</b>	<b>2 030 000</b>
<b>Underskot</b>	<b>-809 000</b>
<b>Kommunalt bidrag til drifta*</b>	<b>809 000</b>

\*Netto innsparing nedlegging tre basseng

Selskapet får eit underskot på kr 809 000 som tilsvrar netto innsparing ved å leggja ned tre kommunale basseng.

For å bøta på uforutsette hendingar som kan føra til underskot i Hardangerbadet KF rår rådmannen til at kr 10 millionar av det såkalla «*mastefondet*» vert låst som buffer mot dette.

<b>Underskotsgarantiar</b>		
Hardangerfjord Hotell	5	0,5 mill i 10 år
Øystese Næringslag/Bedrifter i Kvam	6	0,6 mill i 10 år
Øystese Idrettslag *		Drift samarb.

\*Øystese Idrettslag har inngått avtale om å bidra med gratis personellressursar.

## Samfunnsøkonomi

Hardangerbadet er eit prosjekt som passar godt inn i tankegangen både i kommuneplanen sin samfunnsdel og næringsplanen. Hardangerbadet kan skapa arbeidsplassar, opplevelingar, vekst og verdiar. Verdiskaping kan skje gjennom direkte omsetjing i badeanlegget og hotellet, eller gjennom auka kundegrunnlag for reiselivet generelt og handelsnæringa. Denne direkte og indirekte verdiskapinga er i delutgreiing av samfunnsøkonomiske effektar av Hardangerbadet estimert til ca 50 mill årleg.

## Utforming

## Sentral plassering ved fjorden


Fig. 1. Plassering



Fig. 2. Bygning



**Fig. 3. Situasjonsplan 1.etg**



**Fig. 4 – Situasjonsplan 2.etg**



## **Planlagde funksjonar i HB**

### **Badeanlegget**

Trenings- og konkurransebasseng, sjøvatn, 25 x 12 m

Opplærings- og terapibasseng, sjøvatn 34°C, tilrettelagt for funksjonshemma

Leike- og familiebasseng

Utandørs oppvarma sjøvatn-basseng ca. 3x10 m med tunell (tilbygg 2018)

Badstuer og steambad

### **Offentlege funksjonar**

Frisklivssentral/Friskliv og meistring (Frisklivssenter, Læring og mestrings senter, mm)

Lege og fysioterapi (5 + 1 (spesialist) heimlar, 1 fysioterapiheimel)

Helsesøster

Psykolog og/eller psykiater?

### **Andre funksjonar i HB**

Legesenter (Helsebanken Legesenter AS) 6 legar

Fysioterapi (Helsebanken Fysioterapi AS) 3 fysioterapeutar

Kiropraktikk 3 kiropraktorar (under planlegging saman med Syddansk Universitet)

Lysterapi (psoriasis) solarium og spa

Treningssenter (Hardanger Trening AS)

Fagbibliotek med helsefremjande litteratur, tidsskrift og brosjyrar

Kafeteria og kiosk med treningsartiklar og litteratur

Hotell: Hardangerfjord Hotell (same bygningskompleks)

Møteplass

### **Funksjonar under plan og ynskjer**

Informasjon/kontor for pasientforeiningar, idrettslag og andre

Fotterapi, massasje, osteopati, og andre

Samarbeid med NAV om å få fleire raskare tilbake i arbeid

Forsking, evaluering og formidling

## **Kompetanse i HB**

Intensjonsavtalar er inngått med offentleg godkjente personar og faggrupper:

Allmennlege

Spesialist i indremedisin, planlegg oppdelt indremedisin + revmatolog + dermatolog

Fysioterapeut og akupunktør

Ergoterapeut

Ernæringsfysiolog

Kiropraktor

Fotterapeut?

Kursleder Grete Roede

Pedagog

Treningsretteiar

Personlig trenar

Gruppentrenings instruktør

Massør

Forskingskompetanse innan fleire fag (medisin, psykologi, ernæring, aktivitetsmedisin)

## **Samarbeidspartnalar** med brev og til dels bidrag

Kvam herad  
Helse- Bergen  
Hardangerrådet – 7 kommunar i Hardanger  
Hordaland Fylkeskommune  
Norges forskningsråd  
Norges svømmeforbund  
Øystese Idrettslag  
Helsebanken Helsesenter AS  
Helsebanken Fysioterapi AS  
Tonus Fysioterapi og Trening  
Hardanger Trening AS  
Hardangerfjord Hotell AS  
Øystese Næringslag  
Folk, lag, næringsverksemder, og organisasjonar i Kvam  
NRF Hordaland Fylkeslag (NRF=Norsk Revmatikerforbund)  
NRF Kvam lokallag  
Norsk Psoriasisforening  
LHL  
FFO  
Øystese Sanitettslag  
Kvam Vidaregåande Skular  
Sørlandsbadet AS  
Bidrag frå Trond Mohn, Lingalaks AS, Alsaker Fjordgroup AS, Marine Harvest Group AS

## **Framdriftsplan.**

	<b>Dato</b>	<b>Mnd.</b>	<b>År</b>
HST –vedtak (Positivt)	24.	Aug.	2015
Etablera HB KF		Nov.	2015
Finansiering		Des.	2015
Avtaleverk mellom partane		Nov.	2015
Utlýsing hovudentreprise		Jan.	2016
Godkjenning av kontraktar		Mai.	2016
Godkjent finansiering		Mai.	2016
Byggestart		Aug.	2016
Innflytting		Juni.	2018